


Frå rosa til raudt på Ljosnes?

27.10.2014



Erlend Moen har sendt eit innspel til arealdelen til kommunedelplanen som betyr at eit strandområde på Ljosnes som idag er regulert som annet byggeområde nåværende vært omregulert til fritidsbebyggelse. Det betyr på kartet at rosa vert raudt.



Det er idag bygd 4 naust i området medan 3 nausttomter ikkje er bebygd men 2 av dei vil truleg verta det i den næraste framtid, det vil seia iløpet av dei næraste 5-10 år. Området nyttast no til rekreasjon for familiane som høyrer til dette området. Området består av 8 eigedommar totalt. Det er veg dit og det er avtalar om parkering til dei 4 siste utskilte nausttomtane. Lokale grunneigarar eig 2 av dei. Området vert i stor grad nytta av familiar med born. For å auka nytta av det er det ynskjeleg å setta opp hyttenaust som vil kunne nyttast til overnatting og samlingspunkt.

Dermed vil området få eit betydeleg løft samanlikna med dagens preg av kummerlege tilstandar. Området er lite tilgjengeleg for dei som ikkje har normal tilhøyrighet der, Det er ingen badestrand der og sjølinja består av berre stein og tang.

Det er allereie utslipp frå septik frå samtlige hus i ledning til djupt vatn og det bør behaldast for nausta meiner Moen.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen